



MELAND KOMMUNE
Kommunalavdeling for kultur og oppvekst

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
Vår ref. SFF

Journalp.ID 12/89
ArkivsakID 11/1865
Arkiv nr. N-212

Dato 03.01.2012

HØYRINGSUTTALE FRÅ MELAND KOMMUNE - LÆRARTETTHET I GRUNNSKULEN

Høyring om endringar i Opplæringslova, nasjonal bestemmelse om lærartetthet i grunnskulen..

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring eit framlegg til endring i Opplæringslova, med omsyn til å innføre nasjonal minstestandard for lærartetthet.. Høyringsfrist er sett til 3.januar 2012.

Det er forslag om to modeller:

1. Maksimumsgrense for tal på elevar per lærar på kvar skule
2. Maksimumsgrense på kommunalt nivå, der skulane kan ha forskjellig ressurs.

Departementet skriv at ” *kommunene vil bli kompensert for merutgifter ved innføring av en nasjonal bestemmelse om lærertetthet.* ”

Vurdering

Utfordringar i høve til framlegget:

1. Det er ikkje direkte samanheng mellom lærartetthet og resultat i skulen, men det er ei viss samanheng for marginale grupper. Det gjeld for elevar med foreldre som har lågt utdanningsnivå og elevar på dei lågaste trinna.
2. Styrkinga av skulen vil vere størst i byar og tettbygde strøk. Dei store kommunane vil få tilført meir midlar enn mindre landkommunar.

3. Det vil vere større behov for lærarar i skulen. Norge har høg lærardekning i internasjonal samanheng. Mindre kommunar vil truleg få større problem med å rekruttere lærarar, men Meland kommune vil sannsynlegvis klare å tilsette nok pedagogar. Det er difor opna opp for å mellombels tilsetje lærarar utan godkjent utdanning.
4. Finansieringa av tiltaket vil bli vidareført i nasjonalbudsjettet kvart år. Korleis dette vil slå ut i kommunebudsjettet i åra framover, er det vanskeleg å fastsetje no. Det kan stillast spørsmål om finansieringa vil bli ført vidare i tilstrekkeleg grad.
5. Dersom det skal opprettast mindre klassar enn det som er i kommunen no, vil Meland kommune vil få ei utfordring i høve til talet på klasserom på ungdomstrinnet.

Positive konsekvensar for Meland kommune i høve til høyringsframlegget

1. Høgare lærartetthet vil føre til betre arbeidsforhold for den einskilde lærar. Dette er positivt for lærarane sin arbeidssituasjon. Fleire lærarar kan gje handlingsrom for å styrke skulen, i høve til organisering og tiltak for elevgrupper.
2. Forslaget er ei styrking av skulen totalt sett.
3. Det vil følgje med ressursar til gjennomføringa av tiltaket.
4. Meland kommune vil truleg klare å rekruttere nok lærarar.

Konklusjon

1. Meland kommune går inn for at det vert fastsett ein nasjonal norm for lærartetthet i høve til gruppestorleik i skulane.
2. Kommunen går inn for at ordninga bør vere som modell 2 på kommunenivå.
3. Det bør nyttast eksempel 2 med 21 elevar på 8.-10.trinn, 20 elevar på 5.-7.trinn og 16 på 1.-4.trinn.
4. Ordninga bør først bli innført på ungdomstrinnet.
5. Ein føresetnad for denne konklusjonen er at ordninga vert 100% finansiert av staten

Utval for levekår - Meland kommune

Kåre Skibenes (s)
Leiar

Elna Bjørndal (s)
Nestleiar

Kopi til:

Ordførar Nils Marton Aadland
Rådmannskontoret

Utval for levekår